

NVE Konesjonsavdelinga
Høring sendt via www.nve.no/vannkraft

Høyringsuttale frå Forum for Naturvern og Friluftsliv (FNF) i Hordaland på vasskraftutbygging i Rullestad og Skromme i Etne kommune, Hordaland fylke

Innleiing

FNF Hordaland, som ei samanslutning mellom Naturvernforbundet Hordaland, Bergen Turlag og Jeger og Fisk i Hordaland, viser til brev frå NVE av 21. september 2011 med søknad og konsekvensutgreiing om utbygging av Rullestadvassdraget i Etne kommune med fire kraftverk – to småkraftverk og to større kraftverk. Vi viser til høyringsuttale frå Naturvernforbundet sentralt og til brev frå Samarbeidsrådet for naturvernsaker (SRN) av 6. februar 2009 og til engasjementet vårt i saka, som omfattar vassdragsseminar på Åkrafjordtunet 29-30. august 2009 og deltaking med standsaksjon på Etnemarknaden i 2011 og på folkemøtet på Rullestad 23. november 2011. Naturvernforbundet sentralt har prioritert Rullestadvassdraget med Dalelva som eit av seks nye vassdrag som vi vil arbeida for å få inn på den nasjonale verneplanen for vassdrag.

Samandrag

FNF Hordaland meiner at skadene ved full utbygging av Rullestadvassdraget på naturmiljø, friluftsliv og naturbasert turisme er større enn fordelene, og at ei vasskraftutbygging i Rullestad og Skromme difor ikkje bør tillatast. I staden ønskjer FNF Hordaland at Dalelva blir inkludert i ein ny verneplan for vassdrag og at det blir lagt til rette for ei satsing på bærekraftig og langsiktig utnytting av naturressursane, gjennom natur- og kulturbasert turisme og reiseliv i området.

Generelt.

Dalelva kjem frå Folgefonna og renn sørvestover mot Åkrafjorden gjennom det ville Rullestadjuvet og ut i Rullestadvatnet. Halvvegs nede i Rullestadjuvet får Dalelva tilsig frå Bordalselva, som kjem frå sør gjennom eit trongt gjel. Rullestadjuvet er eit storslått og vilt naturområde. Her er bratte fjellsider med enorme jettegryter, og elva går i fossear og stryk før landskapet opner seg med gardar nede ved vatnet.

Etnefjella og Dalelva har gjennom lang tid har fått bevare mykje av sin naturverdi. I ei vurdering av nye verneobjekt til suppleringsplanen i 1994 kom Dalelva med på lista over dei 10 høgast prioriterte vassdraga hos alle dei store natur- og friluftslivorganisasjonane: Naturvernforbundet, WWF, Den Norske Turistforening og Norges Jeger- og Fiskeforbund. I 2005 verna Stortinget ei rekke nye vassdrag i suppleringsplanen for vassdrag, men Dalelva kom ikkje inn. På Naturvernforbundet sitt landsmøte i 2009 blei det likevel vedteke å satsa vidare på å bevare Dalelva for natur og friluftsliv.

Konsesjonssøknaden side 174 har samletabell over dei vurderte positive og negative konsekvensane av utbygging – som vist i fagrapportane i konsekvensutgreiinga. Fleire av karakteristikkane er sterkt misvisande.

Bildebruk Dei aller fleste bileta viser låg sommarvassføring, og dei frå Postvegen viser stort sett ikkje elvefaret. Dette er feilinformasjon og brot på krava i utgreiingsprogrammet (UP). Likevel får ein eit visst inntrykk av enkelte foto, for eksempel på side 50-51 i KU om Landskap er vassføringa i Rullestadjuvet nedanfor Pers bru vist ved normalvassføring og ved minstevassføring, slik at ein kan sjå kor uttørka elva blir etter full utbygging.

Sideomfang. Tilsynelatande omfattande rapportar gir bakgrunnsinformasjon og utbyggingsplanar i ein grad som gjer registreringar og vurderingar lite tilgjengelig for allmenne interesser som dei vi representerer. Vi meiner at konsekvensutgreiingene bør gjerast meir tilgjengelege i framtida.

Kulturminner, kulturmiljø og landskap

I våre konklusjonar er dei to rapportane (KU) som gjeld kulturminner og landskap slått saman, fordi kulturminne og kulturlandskap er to sider av same sak.

I KU for landskap s. 7 er verdisettinga av området Sjørdalen (der E134 går) er gitt *stor verdi*. Vi meiner at Rullestadjuvet og Bordalen bør få *like stor verdi*, både som reine landskapselement og fordi dei ligg nær jettegrytene. Dette kjem elles fram i den samla vurderinga, der den kumulative effekten blir større enn delene. Vi meiner at utbygging vil ha *stor negativ konsekvens* etter alle alternativa, sjølv om det er litt gradsskilnad.

Rapporten for kulturmiljø og kulturminne er full av feil og misvisningar. Konklusjonane blir dermed lite pålitelege. Her bør det gjerast ein ny og meir kvalifisert gjennomgang.

NVE seier i utgreiingsprogrammet side 10 at det skal avklarast med fylkeskommunen korvidt det trengs undersøkingar etter §9 i Kulturminnelova, og forutset at *”kulturminner blir utredet på et slikt nivå at fylkeskommunen kan vurdere om undersøkelsesplikten etter §9 må oppfylles før et konsesjonsvedtak, eller om konfliktnivået ikke er større enn at det kan gjøres i sammenheng med en eventuell godkjenning av detaljplaner.”* Men dette stemmer ikkje med fylkeskommunen sine egne kommentarar, der dei eksplisitt ber om at undersøkingar etter §9 blir gjort før konsesjonshandsaming. Riksantikvaren støttar dette synet, og seier dessutan at det er nødvendig med arkeologiske undersøkingar i det området som blir berørt av fysiske inngrep på grunn av utbygginga. Vi minner også om at Fylkesmannen har stilt strenge krav til landskapet som Dalelvo renn gjennomn, *”fra der hvor overføring av vann til Rullestad 2 starter, via Rullestadjuvet og til Rullestadvatnet (langs gamle E134) har dramatisk og inntrykkssterk natur, og har viktige natur- og opplevelseskvatteter. Langs gamle E134 og Dalelva går den gamle postveien. Utbyggingen vil ramme dette området sterkt også i forhold til turistnæringen, dersom vannstrengen blir borte. KU-en bør derfor drøfte hvilke konsekvenser bortfall av denne delen av utbygginga (overføring av vann til Rullestad 2) får for prosjektet. Alle inngrep (fracføring av vann,*

vegbygging, nye kraftlinjer m.m.) må fotovisualiseres og vises på kart i passende målestokk." Dette siste kravet er då og støtta av NVE i utgreiingsprogrammet.

I følgje Utgreiingsprogrammet (UP) side 10 skal berørte områder synfarast og vurderast i høve til automatisk freda kulturminne og nyare tids kulturminne. Eksisterande og eventuelle nye funn skal kartfestast, og potensialet for nye funn av automatisk freda kulturminne skal vurderast. Dette kravet er berre delvis oppfylt.

I følgje KU for kulturminner side 6 kan utbygginga koma i konflikt med (minst) to automatisk freda kulturminne. Det eine er den gamle pilgrimsvegen til Røldal, som blir omtalt som "*et tidligere registrert automatisk fredet kulturminne*". Kulturminnet er vist, men vart ikkje funne under synfaringa. Truleg er det snakk om Pilgrimsvegen, sidan den ikkje er nemnt andre stader i rapporten. Når ein veit at det dei to siste somrane har vore arrangert fellesturar nettopp denne vegen til Røldal, vitnar det om lettvtint arbeid og liten kontakt med lokalmiljøet. Pilgrimsvandringar til Røldal, både frå aust og frå vest, har fått auka tilslutning. Det må greiast ut betre kva dette kulturminnet har å seia for historieoppfatninga vår, og dermed graden av autensitet i området rundt. Den gamle vegtraseen blir truleg påverka i nedre del, mot Rullestadvatnet, i Delområde Rullestad. Dette delområdet har også potensiale for funn av ikkje-synlege automatisk freda kulturminne i riggområdet for Rullestad 2. I KU for kulturminne side 29 heiter det at "*Første opplysning om bosetting er fra 1590.*" Dette er feil, i følgje Hansen (2003)* er garden første gong nemnt i 1519 og sannsynleg rydda i vikingtid, som gardsnamnet tyder på (sjå vedlegg 1). Gamletunet på Rullestad ("Heimigarden") må difor reknast som eit automatisk freda kulturminne (eldre enn 1537) i følgje definisjonen på side 25-26. Dette betyr etter vår (FNF Hordaland) si oppfatning at utbygginga av Rullestad 2 ikkje kan skje utan løyve og dispensasjon frå Kulturminnelova §9 frå Riksantikvaren.

I KU side 6 står det vidare at utbygginga kan koma i konflikt med tre nyare kulturminne, nemleg brua på Postvegen og to kvernhusmurar på Rullestad. Postvegen er nemnt under kulturmiljøet i Delområde Skromme, men elles ikkje kommentert. Dette er sterkt mangelfullt. Postvegen er i dag restaurert med stor dugnadsinnsats og støtte frå Fylkesmannen, fylkeskommunen, Statens vegvesen, Naturskadefondet, Etne kommune, Arild Håland m fl. Den blir nytta som turveg i store deler av året og det blir arrangert guida turar flire gonger i veka i sommarmånadene. På ein eineståande måte bind den saman Sjørdalen, jettegrytene, natur- og kulturlandskap, og heng saman med den nyoppretta turstigen rundt Rullestadvatnet. Postvegen sin historie og verdi som kulturminne må greiast ut på nytt. Postvegen er uløyeleg knytt til vassstrengen i Sjørdalen, slik at den både som fornminne og som turveg i dag vil bli sterkt skadelidande av ei utbygging. Dei to bileta som rapporten har av Postvegen (side 62) viser ikkje vassstrengen den går langs, og er lite representative for landskapsopplevinga. I motsetning til dette omtalar rapporten om friluftsliv, turisme og reiseliv Postvegen som ein *attraksjon* der den går langs elva (s 33), altså lite samsvar mellom vurderingane i dei ulike fagrapportane. Etter at E134 blei lagt i tunnel forbi Rullestadjuvet er også hårnålssvingane opp juvet blitt eit tilgjengeleg kulturminne for gåing, sykling eller bilkjøring. Den gamle brua på postvegen (Pers bru) er frå 1875, og er som nemnt restaurert i nyare tid med frivillig innsats og kommunal støtte på 600 000 kroner. Både denne brua og den nyare brua på bilvegen frå 1920 (Juv bru) vil missa det meste av sin verdi som turistattraksjon dersom vatnet blir teke bort frå elva.

Men i tillegg til desse to nyare tids kulturminne som kan koma i konflikt med utbygginga, er det to kulturminne til. For det første har vi murane etter den gamle flaumsaga i Sagelva frå 1804. Dersom ein i framtida tenkjer seg at saga blir restaurert som eit kulturminne og turistattraksjon, vil det koma i konflikt med Bordalen 1, ved at Sagelva blir nær tørrlagt. Men det er ei sag til, som KU ikkje har omtalt i det heile, nemleg Skromme-saga, som murane i følgje Hansen (2003) framleis er synlege etter, like nedanfor Skromsfossen, og der utstyret til saga framleis er intakt. Ei restaurert sag vil her koma i konflikt med Rullestad 2 alternativet.

Det er for øvrig ein stor mangel ved KU for kulturminner at den nemnde publikasjonen (Hansen 2003)* ikkje er med som referanse. Her er Rullestad-området sett inn i ein heilskap, som del av det samla kulturlandskapet i Åkrafjorden. Rapporten burde vera kjent, fordi den er ein del av grunnlaget for opprettinga av Åkrafjorden Landskapsark. På side 17 heiter det at Rullestadområdet er lett tilgjengeleg og har stor pedagogisk verdi som turområde og verdifullt kulturlandskap, der ei tradisjonelle driftsformene (sau- og geitehald, gamle styvingstre, utmarksbeite etc.) framleis er i bruk. I følgje kriteria i Nasjonal Registrering av verdifulle kulturlandskap (1994) blir Rullestadområdet vurdert som eit *"helhetlig kulturlandskap av nasjonal verdi."* Rapporten seier vidare i samandraget om heile Åkrafjordlandskapet at *"Opplevelses verdiene gir områdene som er gått ut av landbruksdrift, men også mange av brukene som er i drift, et stort potensiale for bl.a. natur- og kulturbasert reiseliv. Flere samfunnstrender viser stor etterspørsel etter reisetilbud som gir positive opplevelser, tilfredsstillende historieinteresse, skaper identitet og vekker nysgjerrighet. I denne sammenheng er tilrettelegging av kulturhistoriske verdier og landskapskvaliteter viktige, for eksempel i form av restaurering av gamle stier og informasjonstiltak. Kulturlandskap og tilrettelegging for historie- og landskapsopplevelse øker områdets attraktivitet for besøkende, og bidrar på flere måter til verdiskaping bl.a. ved å øke andre produkters markedsverdi (for eksempel jakt- og fiskekort, ferieleiligheter og husflidsprodukter). Dette gjeld i høgste grad for Rullestadområdet. På side 5-6 i Hansen (2003) sin rapport er det eit oversyn over midlar som det kan søkast om frå fylkeskommunen, både til kulturminnevern og kulturlandskap, samt bygdeutviklingsmidlar frå Fylkesmannen. Ut frå det som er sagt ovanfor, kvalifiserer Rullestad for slike tilskot i minst like stor grad som resten av Åkrafjordområdet. Ei utbygging som planlagt i Rullestad 2, dvs. bortfall av vatn i Dalelva og Sagelva over lengre periodar om sommaren, riggområde med kraftstasjon nær gamletunet på Rullestad m.m.) vil sterkt redusere verdien av Rullestad som nasjonalt kulturlandskap, og kan vera i konflikt med eit automatisk freda kulturminne (gardsanlegg frå middelalderen).*

Kulturminnerrapporten er den dårlegaste og innhaldsmessig tynnaste av rapportane i KU. Her bør det gjerast nye registreringar og vurderingar, før NVE kjem med si tilråding. Vi meiner utbygging vil gi store negative konsekvenser, og at det er liten skilnad mellom alternativa.

Naturmiljø og naturmangfold

I konsekvensutgreiinga (KU) for naturmangfold er det så mange av krava i utgreiingsprogrammet (UP) som ikkje er oppfylt at vi har måtta lista dei opp i samsvar med oppstillinga i UP for å få oversyn over dei, slik det er gjort i det følgjande:

Kommentarer:

0.2.2. Pattedyr, krypdyr og amfibier

- Elvemusling er ikkje nemnt (i UP s.9 står det at ”det skal undersøkes om elvemusling forekommer”)

0.2.3. Fugl.

- det manglar kartlegging av hekkande fugl (UP s.8) som fossekall, det er ikkje nok med ”påvisning”.
- Kartlegging av trekkruiter manglar (UP s.8)
- Stær (NT) ikkje omtalt (UP s.8)

0.2.4. Tabell 0-5

- Sagelva, Dalelva, Bordalselva – konsekvensar av redusert vassføring påkravd (sml. UP s.5)
- Dalelva, Skromme – potensiale for sjeldne mosar, truga vegetasjonstypar, og registrering og konsekvensar av redusert vassføring påkravd (UP s.5)

0.3. Konsekvensvurdering

0.3.4. Rullestad 2

- Det stemmer ikkje at det berre er ”en liten del av vegetasjonstypen ” (elvemose) som blir påverka, for det er ca. 400 meter frå inntaket for Rullestad 2 til møtet med Bordalselva.
- Konsekvensar for fugl (fossekall) av redusert vassføring er påkravd (UP s.8), det er ikkje nok å seia at med minstevassføring på 524 l/s (5%) vil ”trolig ikke bortfall av vann ha særlig negativ betydning for fuglelivet i nedre del av elva.”

0.3.5. Bordalen 1 og 2.

- konsekvensar for mosevegetasjonen i bekkeløfter er påkravd (UP s.5), det er rein synsing å seia at det vil ”sannsynligvis kun medføre små endringer.” Like etter står det at ”I den grad fossefall hekker langs elva vil restvannføringen etter utbygging bli såpass lav at eventuell hekking vil opphøre”, så heilt sikker er ein ikkje.
- Konsekvensar av Bordalen 1 er vurdert for lågt, det burde vore **middels negativ**.

0.6. Samandrag

- Det er rein synsing å påstå at ”ingen av utbyggingsalternativene har spesiell sterke negative konsekvenser for naturmiljøet, inngrepene er begrensede”. Her er føre var-prinsippet ikkje følgt og krava i UP ikkje etterlevd.

0.7. Avbøtande tiltak

- Her blir det opplyst at registrerinan av planter og dyr i heile vassdraget tok 3 dagar og registreringa av fugl 2 dagar. Dette er altfor kort tid til å oppfylle krava i UP om kartlegging av artsmangfold og dominans. Det er ikkje nok med ei opprømsing av artar, slik det er gjort her.

4.1. Berggrunn og lausmassar

- Dette er for tynt – her er ikkje krava i UP s.7 oppfylt (fotodokumentasjon, område med aktive prosessar, skredsoner m.m.)

4.4. Vern.

- Her mangler altså omtale av "Nordoverføringen" vs. RSE sine planter i MD sitt brev av 14.12.09 der det står: *"Vi mener likevel at det må utredes grundig om de foreliggende planene har like store miljøkonflikter som tiltaket som ble tatt ut i tidligere planlegging. Dersom det viser seg at miljøkonfliktene i det aktuelle tiltaket ikke er vesentlig mindre enn i forrige runde, bør hensiktsmessigheten av videre planlegging vurderes."* NVE har slutta seg til dette i brev av 18.12.09.

4.6. Naturtyper og plantegeografi.

- Bordalselva – her er det potensiale (kravfull vegetasjon) for sjeldne mosar, men området er ikkje kartlagt, det er berre "påtrufne arter" som er oppgitt (s. 41-42). Her trengs også artsregistrering (taksering) og kartfesting, cf. UP s.8).
- Dalelva – elvemosevegetasjonen er sterkt truga (EN) på Vestlandet, likevel manglar kartfesting og taksering. Stikkprøve gjort av oss 4.11.11 ved samløpet med Bordalselva viste at registreringa ikkje er fullstendig, her veks det også andre moseartar enn dei som er oppgitt, for eksempel tjønnmose (*Calliergon giganteum*).
- Sagelva – her gjeld det same som for Bordalselva.

4.7. Dyreliv

- Fugleregistreringane er svært mangelfulle (cf. Sammendrag). Her er referert eit eksempel på artssamansetning (s. 59) av fugl, som blei gjort i samband med Saudautbygginga, med taksering, dette burde vore gjort for heile influensområdet for RSE, både for fugl og planteliv.
- Fiskeregistreringar manglar totalt bortsett frå prøvafiske i Rullestadvatnet, i strid med krava i UP

Artsmangfald – det er angitt middels negative konsekvenser av utbygging ved at fossekallen truleg ikkje lenger vil hekka, og at det ikkje er påvist raudlisteartar. Vi meiner likevel at konsekvensane er større for det samla naturmiljøet fordi det må vurderast som ein heilskap og ei ramme rundt viktige landskapselement som jettegrytene og Rullestadjuvet, og det tilseier ***middels til store negative konsekvensar.***

For ordens skuld minner vi om føre var-prinsippet og kravet om kunnskapsbasert forvaltning som no er nedfelt i den nye Naturmangfaldlova §8, der det heiter: *"Når det treffes en beslutning uten at det foreligger tilstrekkelig kunnskap om hvilke virkninger den kan ha for naturmiljøet, skal det tas sikte på å unngå mulig vesentlig skade på naturmangfoldet. Foreligger det en risiko for alvorlig eller irreversibel skade på naturmangfoldet, skal ikke mangel på kunnskap kunne brukes som begrunnelse for å utsette eller unnlate å treffe forvaltningstiltak."*

Utbyggerane (RSE) har ikkje teke omsyn til føre var-prinsippet i Naturmangfaldlova og kravet om kunnskapsbasert forvaltning i si konsekvensutgreiing for naturmangfald, og etter FNF Hordaland si oppfatning bør det derfor ikkje gjerast noko vedtak om utbygging før dette er gjort.

Friluftsliv, turisme og reiseliv

I "KV-notat 19/2009 – Bakgrunn for fastsatt utredningsprogram" står det at *"Forskriftens §8 fastslår at ansvarlig myndighet skal legge utredningsprogrammet frem for Miljøverndepartementet dersom berørte myndigheter vurderer tiltaket å*

kunne komme i konflikt med nasjonale eller viktige regionale hensyn. Ingen av høringspartene har sagt konkret at de mener prosjektet berører nasjonale eller regionale interesser, men flere er opptatt av at Bordalselva og Sagelva var en del av Sauda-prosjektet. På denne bakgrunn har NVE valgt å forelegge utredningsprogrammet for Miljøverndepartementet (MD) for godkjenning. MD har i brev av 14.12.09 uttalt at de mener det må utredes grundig om de foreliggende planene har like store miljøkonflikter som tiltaket som ble tatt ut i tidligere planlegging. NVE er enig i dette og mener at utredningsprogrammet er dekkende også i forhold til dette spørsmålet. MD mener også at det bør vurderes om videre planlegging er hensiktsmessig dersom det viser seg at miljøkonfliktene i det aktuelle tiltaket ikke er vesentlig mindre enn i forrige runde." I brevet frå MD stod det nemleg at "Nordoverføringen ble tatt ut av Saudaprojektet fordi man mente at konfliktnivået var for høyt. Avslaget ble begrunnet med at det var tilnærmet urørte områder med meget stor betydning for regionalt friluftsliv, og et inngrep ville ha meget store negative konsekvenser for naturvern, friluftsliv og landskapskvaliteter i området." Sjølv om dei nye planane for utbygging av Bordalselva har inntaket lenger ned i vassdraget, meiner MD likevel at det trengs ei vurdering.

FNF Hordaland meiner at det må vera ei mistyding at ingen av høringspartane har sagt at tiltaket kjem i konflikt med nasjonale eller regionale interesser. Samarbeidsrådet for Naturvernsaker (SRN) er eit nasjonalt samarbeidsorgan mellom naturvern- og friluftsansjasjonar, og dei la i sin førehandsomtale den 11.2.09 fram krav om at Rullestadvassdraget skulle inn på verneplanen for vassdrag - både på grunnlag av verneverdiane i Dalelva med Rullestadvassdraget og Postvegen, og fordi Bordalselva og Sagelva blei teke ut av Saudautbygginga på grunn av verneomsyn. Norges Naturvernforbund har prioritert Dalelva som eit av seks vassdrag som dei vil prøva å få med på verneplanen, og har difor hatt ein kampanje og arrangert eit vassdragsseminar på Åkrafjordtunet 29-30.9.09 for å få fram både positive og negative sider ved utbygginga. Formålet med kampanjen er å samla lokal støtte i området til heilt eller delvis vern av Rullestadvassdraget, gjennom konsesjonsbehandlninga. I tillegg har både Haugesund Turistforening (HT) og FNF Hordaland uttalt seg for vern av Rullestadvassdraget (Dalelva) då meldinga var på høyring i 2009. Desse to er begge regionale organisasjonar for Hordaland og deler av Rogaland fylke. Hansen (2003)* klassifiserer landskapet på Rullestad som "et helhetlig kulturlandskap av nasjonal verdi." Rullestadvassdraget har sidan 1800-talet vore ein både nasjonal og regional turistattraksjon, som er blitt særleg kjent fordi Lars Hertervig henta motiv til fleire av sine mest kjente målarstykker frå dette området.

I tillegg er det feil som det blir påstått av utbyggjarane i deira kommentarar til utgreiingsprogrammet at inngrepet i Bordalen er mindre enn det som var planlagt i Saudautbygginga ved den såkalla Nordoverføringa. Det er faktisk det motsette som er tilfelle. I det siste utkastet til overføring var det nemleg ikkje planlagt nokon anleggsveg opp Bordalen, og inntaket låg mykje høgare, slik at det ville ha blitt større restvassføring i Bordalselva enn ved dei nye planane til RSE, i tillegg til at Dalelva ikkje ville ha blitt berørt.

I UP er det stilt opp følgjande krav på side 13:

"Utbyggingsområdets verdi for reiseliv skal vurderes i forhold til følgende punkter:

- *dagens bruk*

- eksisterende planer for videre satsing både lokalt og for overordnede satsinger i Åkrafjorden.
- områdets egnethet / potensial for videreutvikling av reiselivsaktiviteter.

Tiltakets konsekvenser for reiselivet skal utredes for anleggs- og driftsfasen ut fra hvordan utbyggingen vil kunne påvirke verdien av reiselivsattraksjonene. Det bør skilles mellom direkte og indirekte virkninger. Eventuelle erfaringer fra andre områder i Norge skal innhentes. Opplysninger om reiselivet kan innhentes fra NHO Reiseliv, Innovasjon Norge, fylkeskommunen og fra lokale og regionale reiselivsaktører. Konsekvensene for turisme og reiseliv må sees i nær sammenheng med konsekvensene for relevante temaer som landskap, natur- og kulturmiljø og friluftsliv.”

I KU for friluftsliv, turisme og reiseliv er dagens bruk relativt godt omtalt, men ”tiltakets konsekvenser for reiselivet” er totalt fråverande. Dette er eit av dei viktigaste spørsmåla i den samla konsekvensvurderinga, altså om inngrepet (= fråveret av vatn i elva) vil påverka turismen og verdien av Dalelva og Sagelva som turistattraksjonar. Kor mange turistar vil koma for å sjå Rullestadjuvet og Postvegen dersom det ikkje renn vatn i elva, slik vi ser det på side 50-51 i KU for landskap? Tilsvarande kunne ein spurt kor mange turistar det ville ha kome til Åkrafjorden dersom vassføringa i Langfossen hadde vore redusert til 5% av normalvassføring. Dette ville ein kunna svart på dersom utbyggjar hadde gjort ei spørjeundersøking blant brukarane av Halvfjordingen på Rullestad og Åkrafjorden Oppleving, men det er ikkje blitt gjort. Hydrologien er her eit svært viktig punkt, for det største ankepunktet mot utbygginga er den sterkt reduserte vassføringa på 5% minstevassføring i sommarhalvåret (mai-september), som i tørrår fører til nær uttørka elfefar over lange periodar om sommaren, når vassføringa er under den såkalla maksimale slukeevna i kraftverket. Dette slår negativt ut både for planter, fugl, fisk og botndyrfauna som er avhengige av rennende vatn, men også for turistnæringa. Det er vatnet som gir landskapet liv, og når vatnet blir lagt i røyr, er det ofte eit livlaust landskap som ligg att, slik nokre av bileta i rapportane frå Multiconsult AS viser. Også utan utbygging vil elva sjå slik ut i periodar, men etter ei utbygging som planlagt vil dette strekkja seg over eit mykje lenger tidsrom. I KU for hydrologi s. 70 og 75 kan ein sjå av figurane at både Rullestad 2 og Sagelva får vassføringa redusert til minstevassføring i 2/3 av perioden juni-juli. Ei slik vassføring fører til at vassdraga verkar nesten uttørka, og dette blir også nemnt i KU landskap s. 50 der det står ”Elveløpet er på strekket (nedre delen av Rullestadjuvet) preget av mye stein. Minstevassføringa vil derfor trolig ikke bli merkbar. Fra Rullestadjuvet fram til samløpet med Kvernhuselva vil Dalelva derfor oppleves som nærmest tørrlagt”. Tilsvarande fører Rullestad 2 til at talet på periodar med høg vassføring i Skromsfossen (>10 m³/s) blir nær halvert. Fossen blir også negativt påverka av det planlagte inntaket like ovanfor fossen.

UP pålegg utbyggjar å greia ut konsekvensane for reiselivet av redusert vassføring, men det er altså ikkje blitt gjort, og det er ein fundamental mangel ved konsekvensutgreinga. Det einaste som er oppgitt, er kor stor kapasitet det er i dag på Halvfjordingen og kva prisar det er på utleigehyttene, altså dagens situasjon. Men det som er meir interessant å vita, er følgjande:

- (a) Kor mange arbeidsplassar i gardsturisme eller naturbasert turisme er det potensiale for på Rullestad ?

- (b) Korleis blir desse arbeidsplassane påverka av utbygginga, altså kor mange vil det vera dersom Dalelva får renna fritt, samanlikna med det som vil koma ut av det lova næringsfondet på 20% av overskotet på kraftverket, dersom det blir full utbygging.

FNF i Hordaland er einig i at mange av gardsbruka langs Åkrafjorden er avhengige av inntektene frå småkraftverk for å få gardsdrifta til å gå i hop, det er ikkje nok med bygdeturisme. Men det er vanskeleg å sjå at dette er tilfelle med RSE sitt prosjekt. Dette er ikkje noko småkraftverk på under 40 GWh, men ei stor utbygging på 147 GWh. Her er det alt i dag ei raskt veksande bedrift, nemleg Halvfjordingen, som er bygd opp på bygdeturisme, gardsmat og naturbasert turisme, og som alt sysselset 2-3 årsverk, i følgje dagleg leiar [og med ei årleg omsetning på 4 mill. kroner og mange lokale partshavarar, i følgje Etne kommune.] Denne bedrifta vil truleg bli skadelidande ved ei utbygging som planlagt, og særleg vil Rullestad 2 slå negativt ut, både fordi riggområdet i anleggsfasen vil vera eit skjemmaende inngrep i eit kulturlandskap av nasjonal verdi, og fordi Rullestadvatnet og Postvegen utan vatn vil missa mykje av sin verdi som nasjonal turistattraksjon. Også Sagelva betyr mykje fordi den har eit samla fall på 3-400 meter rett ned i Rullestadvatnet, og er svært synleg over vatnet. Inngrepet i Bordalen 1 med Sagelva representerer åleine ein reduksjon i inngrepsfrie områder (INON) på 7 km³ i tillegg til sterkt redusert vassføring, og restane etter sagbruket nede ved vatnet og turstien rundt vatnet vil også bli påverka. Rett nok treng dei tre gardsbruka på Rullestad ekstraintekter for å kunna driva med overskot, men det er vanskeleg å sjå at det trengs ei så stor utbygging for å få dette til. Ei moderat utbygging som den innstillinga frå Etne kommune gjekk ut på, vil vera meir enn nok til å styrkja busettinga, og vil heller ikkje gå så mykje ut over verdiane knytt til naturmangfald og turisme, som ei full utbygging, fordi denne ikkje ville ha omfatta Dalelva og Sagelva. Litt populært kan ein seia at det vil vera svært uklokt å øydeleggja det ein skal leva av i framtida.

Konsekvensutgreiinga (KU) i fagrapporten for friluftsliv og turisme skriv innleiingsvis (0.2) at bruken av området i reiselivssamanheng i dag er ”forholdvis liten”. Dette stemmer ikkje, og er heller ikkje i samsvar med det som står i kapitlet om reiseliv (4.4.2), der området store verdi som en av HTs hovedtilkomster til indre Etnefjell blir understreka. Potensialet for auka turisme blir angitt som stort. Ein noterer seg visjonen for Hordaland fylkeskommunes reiselivsstrategi: *Hordaland skal vera best i Norden innan natur- og kulturbaserte opplevingar*. Med eit slikt utgangspunkt må den planlagte utbygginga gi **store/svært store negative konsekvenser**, få stader heng natur- og kulturverdiar så tett saman som her. Rapporten er likevel mangelfull. Daglig leiar ved Halvfjordingen AS opplyser at ei telefonsamtale på under fem minutt er den einaste kontakten han har hatt med utgreiarane. Utviklinga av aktivitetar i området ser dermed ut til å vera både mangelfullt registrert, og heller ikkje oppdatert, og konsekvensane av utbygginga for turismen langt mindre. Av kartmaterialet kan ein sjå at når det gjeld Bordalen, så vil inntaket for Bordalen 1 bli liggjande midt i turistløypa, mens Bordalen 2 vil ha inntaket 250 m lågare og vera mindre synleg. Dette blir ikkje nemnt i rapporten. Turstigen rundt Rullestadvatnet har sommaren 2011 (etter at rapporten blei skriven) vore svært mykje brukt, og vil bli påverka av Bordalen-utbygginga.

Rapporten nemner ikkje utviklinga av klatreruter i området. Den verdskjente norske klatraren Håkon Hansen har i to somrar arbeidd med å etablere bortimot 50

klatreruter, inkludert ein del bolting for teknisk klatring, i området. Han er til vanleg busett i Spania. Han meiner det er eit stort klatrepotensiale i fjella rundt Rullestad og Fjæra, og var i sommar heilt klar på at naturinngrep som kraftutbygging vil innverka negativt på aktiviteten

Postvegen (sjå kommentarar ovanfor) – bileta i rapporten er tatt før vegen var restaurert ferdig, og er misvisande. Det er bilete av den uferdige Per bru, no er ei permanent bru på plass. Teksten er også utdatert. Rullestad 2 er det klart mest konfliktfylte alternativet når det gjeld Postvegen.

Samla meiner vi at konsekvensane for friluftsliv, turisme og reiseliv er *meir negative* enn det som er vist i KU. Det er likevel ein klar skilnad mellom alternativa. Full utbygging blir klassifisert som middels til stor negativ verknad, men dersom Rullestad 2 + Bordalen 1 blir erstatta med Bordalen 2, blir verknaden redusert til middels negativ.

Fiske

Ørret er eneste art i Rullestadvatnet nå. Bestenden er overbefolket men kan kultiveres. Viktigste gytebekker blir ikke berørt av utbygging. Ål var tidligere vanlig forekommende, men er ikke påvist under prøvefiske. Det svekker tilliten til rapporten at en av utbyggerne i RSE (Martin Rullestad) også har vært ansvarlig for prøvefisket. Et eventuelt kraftverk i Håfoss vil skape problemer for en mulig ny ålebestand i Rullestadvatnet. I KU om fiske blir konsekvensene av utbyggingen for fisken i Rullestadvatnet likevel klassifisert som *middels negativ*.

Tjenestetilbud og kommunal økonomi (konsesjonssøknaden s 144 osv)

Utbygging *kan* gi sysselsettingseffekt (ca. 62 årsverk) lokalt i anleggsperioden, dersom lokale utbyggere får entreprisen. Men et så stort prosjekt (3-400 mill kroner) må trolig ut på anbud i hele EØS-området, og det blir da høyst usikkert om sysselsettingseffekten blir så stor. I driftsfasen blir det trolig grunnlag for 2-3 årsverk i drift og vedlikehold av kraftstasjonen.

På s. 150-158 i KU for næring og sysselsetting er det oppgitt at full utbygginga vil gi 2.6 mill kroner/år i kommunale inntekter som trappes opp til 3 mill kroner etter 7 driftsår pluss 5.1 mill kroner/år som eiendomsskatt i anleggstiden, med svak nedtrapping over 40 år, i følge Etne kommune. *Naturressursskatten* vil trappes opp fra kr 80 000 til kr 550 000 over 7 år, etter at inntektsutjamning for kommunen er trukket fra. *Konsesjonsavgiften* blir ca kr 40 000 per år, etter Vannressursloven. Industrikonsesjonsloven og Vassdragsreguleringsloven kommer ikke til anvendelse. Det blir ingen konsesjonskraft, derimot blir det trolig bortfall av statlige overføringer på grunn av kommunen får bedre inntektsgrunnlag.

Grunneiere skal få falleie de første 40 år, som vel betinger overskudd – i forhold til investeringen på 400 mill kr (+ 100 mill kr om nytt linjenett skal regnes med). Siden bare noen av grunneierne er bosatt lokalt, og de som gjør det kan flytte eller selge og beholde fallrettene, har en ingen garanti for at inntektene vil tilfalle lokalsamfunnet.

Lokalt næringsfond (s 147) - utbygger vil sette av 20% av overskuddet til dette. På s. 147 i KU for næring og sysselsetting står det at dette er ”avhengig av fallrettshavers villighet til å følge opp avtalen”. Her er mange ubesvarte spørsmål, bl.a. når forventer overskudd, og hvordan utbygger vil forpliktes av disse midlene Hvem skal styre dem, Rullestad og Skromme Utvikling AS eller Småkraft AS?

Det er en motsetning mellom det som står på s. 147 i KU for næring og sysselsetting (”- - det forventes ingen vesentlige konsekvenser”) og på s. 168 i KU for friluftsliv og turisme (”- - flere inngrep som kan redusere området attraktivitet i forhold til naturbasert reiseliv og friluftsliv”.)

Etne kommune oppsummerer i sin innstilling de samlede konsekvensene av full og delvis utbygging. FNF er uenig med Rådmannen i at kravet til kunnskapsbasert forvaltning i Naturmangfoldloven §8 er oppfylt, men ellers har kommunen sine saksbehandlere gjort et godt arbeid og fått fram mange konsekvenser som utbygger har utelatt. I følge dem vil en delvis utbygging, der Rullestad 2 er holdt utenfor og Bordalen 1 er erstattet med Bordalen 2 (uten Sagelva og Raudbekken) kunne gi samme sysselsettingsgevinst som full utbygging, fordi de negative konsekvensene av redusert utbygging (58 GWh mindre produksjon) blir oppveid av at delvis utbygging vil gi færre skadevirkninger på naturverdiene i Rullestadvassdraget og Sagelva, og dermed styrke grunnlaget for turismen i området. Den delvise utbygginga vil samtidig være stor nok til å opprettholde og styrke bosettingen på Rullestad og i hele Åkrafjordområdet. Etne kommune nevner også at delvis utbygging på Rullestad vil styrke settefiskanlegget i Fjæra, som vil kunne sysselsette 15 årsverk, og vil bli delvis oppveid ved bygging av Håfoss kraftverk (28 GWh) og de mange småkraftverkene langs Åkrafjorden, som til sammen vil kunne produsere 132 GWh. Settefiskanlegget kan komme i konflikt med en full utbygging av Rullestadvassdraget, fordi det er avhengig av en sikker tilførsel av vann (10m³/min) for å kunne fungere.

KU for næring og sysselsetting har klassifisert prosjektet med liten positiv effekt, men dette er sterkt avhengig av sysselsettingseffekten.

Forvaltning av naturressursar

På grunn av det store utbyggingspresset mot små og mellomstore vassdrag, som fornybare alternativ til olje og gass, er det eit stort behov for ei samla planlegging av vassdrag som sikrar at ikkje naturmangfald, friluftsliv eller store landskapsverdiar går tapt. Dette tilseier at Rullestadvassdraget blir vurdert opp mot andre vassdrag, noko som ikkje kan skjje dersom RSE skulle få konsesjon på prosjektet. Dei fleste av dei større vassdraga i Hardanger og Sunnhordland er alt bygd ut tidlegare, slik at behovet for vern av dei små og mellomstore vassdraga i regionen som enno er urørde, har blitt endå større, og verdfulle naturtypar som er knytt til Vestlandsnaturen, kan gå tapt for alltid.

Utilbørleg press frå utbyggjar

Etter at Kultur- og Ressursutvalet i Hordaland fylkeskommune gjorde samrøystes vedtak om å gå inn for fylkesrådmannen sitt framlegg, som var identisk med rådmannen i Etne sitt framlegg (vedlegg 2), har ein av utbyggjarane, Martin Rullestad (RSE) skrivt eit brev til fylkesutvalet to dagar før møtet (vedlegg 3) om å gå inn for full utbygging. Dette brevet førte til at fleirtalet i fylkesutvalet gjekk mot kultur- og ressursutvalet og røysta for full utbygging. Noko liknande skjeddde og i Etne

kommunestyre, der rådmannen hadde gått inn for delvis utbygging men der kommunestyret snudde etter press frå Senterpartiet og Rullestad-Skromme Energi og vedtok full utbygging mot tre røyster frå Arbeidarpartiet. FNF Hordaland meiner det er beklageleg at dei folkevalde høyrer meir på personar som har klare økonomiske eigeninteresser i utbygging, enn på sine egne fagfolk.

Konklusjon

FNF Hordaland går imot utbygging av Rullestadvassdraget, fordi skadene og ulempene det vil påføra naturmiljøet og den naturbaserte turismen, klart overstiger fordelane i form av meir fornybar energi. Vi vil likevel understreka at den løysinga som rådmannen i Etne har gjort framlegg om, og som fekk tre stemmer ved behandlinga i kommunestyret den 15.12.2011, er eit klart betre alternativ enn full utbygging, fordi det tek omsyn både til behovet for fornybar energi og sikrar busettinga på Rullestad og dei verdiane som er knytt til naturmangfaldet og den naturbaserte turismen, der rennande vatn er eit sentralt element. Den delvise utbygginga omfattar Bordalen 2, Skromme og Kvernhuselva, der dei delene av vassdraget som truleg har størst naturfagleg verdi og størst potensiale for naturbasert turisme, altså Dalelva og Sagelva, blir halde utanfor og får renna fritt. Det er ikkje noko ideell løysing frå eit naturvernsynspunkt, men er kanskje det beste som er praktisk mogeleg i dag.

Men FNF Hordaland meiner og at konsekvensutgreiinga ikkje oppfyller dei krava som blir stilt i UP, ut frå dei fagrapportane som ligg føre i dag, og mange av dei spørsmåla som blir stilt i utgreiingsprogrammet, får ein ikkje svar på. Det er svært beklageleg at dette ikkje er blitt gjort.

Bergen, 31.1.2012

Jan Bjørge
FNF Hordaland
og Bergen Turlag

Oddvar Skre
Naturvermforbundet
Hordaland

Alf Arne Lyse
Norges Jeger- og
Fiskeforbund Hordaland

Vedlegg

- (1) Hansen, S. 2003. Kulturlandskapet i Åkrafjorden – registrering av kulturlandskapsverdier og utviklingsmuligheter. Rapport Planteforsk Fureneset. 53 pp.
- (2) Innstillinga om Rullestad-utbygginga frå Etne kommune v/rådmannen
- (3) Innspel frå utbyggjar (RSE) til fylkesutvalet av 24.1.2012.